



ARKOCONSULT AS
Postboks 103
5291 VALESTRANDSFOSSEN

Dato: 29.08.2018
Vår ref.: 2018/13005-4
Saksbehandlar: snowaag
Dykkar ref.:

Att. Pål Kjetil Tufta

Innspel til oppstartsvarsle: B4 - Manger Sentrum- Bustadområde gnr 45 bnr 84, m.fl.Radøy kommune

Vi viser til brev datert 23.07.2018 om oppstart av arbeid med detaljregulering for B4 Manger sentrum. med planprogram. Hovudføremålet med reguleringa er bustadfortetting, og føremålet er i samsvar med overordna plan. Kommunen har vurdert at planen ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing.

Hordaland fylkeskommune vurderer oppstartsmeldinga ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

Vurdering og innspel

Relevante planfaglege innspel

Oppstartsmeldinga informerer at ein ønskjer å leggje til rette for fortetting til konsentrert bustadfelt med tilhøyrande veg og grøntareal, i tråd med overordna plan. Ut over dette er det sparsomt med informasjon, noko som gjer det vanskelig med ein inngåande tilbakemelding til oppstartsmeldinga. Basert på den informasjonen som føreligg, har vi ingen vesentlege merknader, men vi vil kome attende med innspel seinare i planprosessen, også på tema som her ikkje vert omtalt.

Areal- og transport

I samsvar med dei statlege planretningslinene for samordna areal- og transportplanlegging, skal arealbruken vere av ein slik karakter at den mellom anna fremjar miljømessig gode løysingar, trygge lokalssamfunn og bustadmiljø, god trafikktryggleik og effektiv trafikkavvikling. Voluma av den transporten som vert generert gjennom utbygging i dette planområdet må reknast for små.

Klima og klimatilpassing

Vi oppmodar om at gode og miljøvenlege energiløysingar blir nytta. Vi syner forøvreg til kap. 5.3 i Klimaplan for Hordaland 2014-2030 for retningsliner for planlegging.

Klimaendringane er langsame og kan vere vanskelege å observera. Følgjeverknadene kan vere akutte hendingar som ekstremnedbør og generelt større nedbørsmengder. Auka overvatn vil stille andre krav til utbyggingsmønster, byggeskikk og utforming av uteareal. Lokale vegar og uteplassar må utformast slik at ein reduserer faren for flaum og oversymjing. Einsidig bruk av harde overflatar og asfalt aukar risiko for skadar frå overvatn. Kommunen kan få krav om regress viss det ikkje er tatt tilstrekkeleg omsyn til potensielle skader frå overvatn. Føre-var-prinsippet må leggjast til grunn ved detaljutforming av uteareal og nye byggeområde. Jf. NOU 2015:16 Overvann i byer og tettsteder.

Landskap, Arkitektur og estetikk

All utbygging har verknad på landskapet. Planlegginga må difor sikre at byggjetiltak og infrastruktur innordnar seg dei fysiske omgjevnadane, for å redusere eventuelle negative fjernverknader. Vi ber om at ein har særleg omsyn arkitektur, materialval og terrenginngrep i prosessen vidare.

Kulturminne og kulturmiljø

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional styresmakt for kulturminnevern.

Vi vil minne om at dokumentasjon av kulturminne og kulturmiljø skal gjerast på eit tidleg stadium i all arealplanlegging. Hordaland fylkeskommune ber om at eventuelle kulturminneinteresser vert omtalte, verneverdiane vurderte og teken omsyn til i det vidare planarbeidet. Dersom tiltaket er i vesentleg konflikt med regionale og nasjonale kulturminneinteresser kan Hordaland Fylkeskommune vurdere å imøtegå planforslaget gjennom eit politisk vedtak.

Vi rår tiltakshavar til å gå i dialog med kulturminnemyndet for å synleggjere konfliktområda og om mogeleg finne løysingar som kan minske konfliktpotensialet før planen vert lagt fram til høyring.

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne i planområdet. Vi ber om at ein under opparbeiding av feltet søker å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m. Hordaland fylkeskommune har ingen vidare merknader i høve kulturminne på noverande stadium i planprosessen.

Samferdsel

Deler av fylkesveg 409 med tilhøyrande kollektivhaldeplass inngår i planområdet, og samferdselsavdeling ber om at det vert teke omsyn til haldeplassen og trygg tilkomst til denne i reguleringsprosessen.

Senter- og tettstadsutvikling

Hordaland fylkeskommune arbeidar aktivt for å styrke kvaliteten ved byar og tettstader og ber om at Regional plan for attraktive senter i Hordaland (2015-2026) vert lagt til grunn i det vidare planarbeidet.

Meir informasjon

Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre www.hordaland.no/plan/startpakke.

Oppsummering

Basert på den informasjonen som føreligg, har vi ingen vesentlege merknader. På noverande tidspunkt har vi innspeil til areal og transport, klima og klimatilpassing, landskap, arkitektur og estetikk, kulturminne, samferdsel og senter og tettstadutvikling. Vi vil kome attende med innspeil seinare i planprosessen, som også kan innehalde på tema som her ikkje vert omtalt.

Eva Katrine R. Taule
fagleiar kommunal plan

Snorre Waage
saksbehandlar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Saksbehandlar:

Snorre Waage, Seksjon for plan - REG AVD, REGIONALAVDELINGA

Gunnhild Raddum, Transportplanseksjonen, Samferdsleavdelinga

Sigrun Wølstad, Fylkerskonservatoren

Kopi til:

FYLKESMANNEN I HORDALAND

RADØY KOMMUNE